



Foreldra slutta godt opp om møtet om kantinedrift på skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Vidar Haugland sender onsdag ut eit nytt spørjeskjema med nye spørsmål til foreldra om lunsjservering for elevane om føremiddagen til hausten. Dette var konklusjonen under eit foreldremøte i Aktivitetshuset tirsdag kveld som 35 var med på og der det kom fram delte meiningar om opplegget. På grunnlag av dei nye svara vil rektor så ta ei avgjerd.

Dette blir eventuelt eit pionertiltak i Kvinnherad. Kommuneadministrasjonen har stilt i utsikt ei eventuell løyving på 50.000 kroner til ei høgst nødvendig opprusting av kjøkenet i samband med den eventuelle kantinedrifta.

Under den førre spørjerunden var skepsisen for stor til at Haugland fann det forsvarleg å gje grønt ljós for eit prøveprosjekt med servering av varm mat to gonger og brødmatt med frukt tre gonger i veka.

Det blir 92 elevar ved skulen i neste skuleår og foreldra til 73 av desse svara. 31 tykte at dette er eit godt opplegg, medan 18 fann det positivt sjølv om dei ikkje ville ha borna sine med på det. Sju foreldrepar meinte at det er eit unødvendig tiltak.

I gruppa på 31 var det ein god del som meinte at det vart for dyrt. Då var den aktuelle prisen 25 kroner dagen, men sidan er den pressa ned til 15 kroner.



Rektor Vidar Haugland, her under foreldremøtet, sender onsdag ut eit nytt spørjeskjema til foreldra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under foreldremøtet var ein av dei tyngste innvendingane at ordninga kunne skapa ein form for klasseskille. Ein ga uttrykk for at han var "livredd for forskjellsbehandling". Haugland sa at også han også var oppteken av at ordninga ikkje må skapa ulikheiter og at ein må finne måtar å fjerne slike på.
- Hvis dei som har med matpakke sit i same rommet, blir det liten forskjellsbehandling, uttala ein.

Eit av forslaga som kom på møtet var å sløyfa det varme måltidet og berre satsa på brødmatt, eit anna å servera

fellesmåltid berre annankvar dag. Ei innvending har vore at opplegget vil ta middagen bort frå heimen i dei to dagane, men Haugland presiserte at serveringa vil skje så tidleg som klokka 10.30. Han presiserte samstundes at det ikkje er noko krav om eit varmt måltid.

Dei fleste som hadde ordet stilte seg i utgangspunktet positivt til prosjektet, ikkje minst på grunn av den sosiale sida der det vart trekt parallellar til vellukka og givande lunsjsamver på arbeidsplassane. Eit av dei sentrale argumenta til rektor var at eit næringsrikt kosthald verkar positivt inn på skuleprestasjonane. Gjennom opplegget vil elevane bli vane med å eta sunn mat, påpeika han.

Haugland meiner at det i første omgang bør satsast på eit prøveprosjekt og den kokk-utdanna assistent Sara Arnesen vil bli ein krumtapp i dei første to månadene. Sjuandeklassingane skal vera med under serveringa.

Opplegget skal evaluerast 10. oktober. Då skal ein finna ut korleis det fungerer og om det er liv laga og verd å følgja opp, eventuelt med visse justeringar.

Av Ola Matti Mathisen